

Årsmelding 2015



Vinnes Friskule



Årsmelding 2015

For Vinnes Friskule

Innleiing:

Vinnes friskule har skuleåret 2015/2016, 21 elevar. Styret har vedteke at det skal søkjast om utvida elevtal så snart rekneskapen for 2015 føreligg. Dessverre har elevtalet gått ned dei siste åra, og bygda må kjempa hardt dei neste åra for å leggja til rette for tilflytting og forhåpentlegvis auka elevtal ved skulen og fleire barn i barnehagen.

Det har vore 2 store utfordringar i 2015:

- 1) Opparbeiding og opprustning av utearealet. Totalt er det brukt ca 400.000 kr på uteområdet dei siste 2 åra. Av dette har me fått støtte frå Gjensidigestiftelsen på kr 90.000 kr og 5000 kr frå Fusa kraftlag og 5000 frå FAU. Det betyr at skulen har brukt ca 300.000 av egne midlar til opprustninga. I tillegg er det lagt ned ca 30.000 kr i dugnadsinnsats. Uteområdet framstår no som tiltalende og funksjonelt for både store og små. Enno manglar grill og takhette i grillhytta, men det vil koma på plass våren 2016. 15.oktober var det «offisiell» opning av det «nye» uteområdet med ope arrangement.
- 2) Søndag 1.mars vart det oppdaga stor vasslekkasje på skulen. Eit vassrør hadde losna i det nye tilbygget og vatnet har stått og spruta på uviss tid. Store delar av 2.etasje var overfløymd. Mange foreldre kom til og hjelpte i den akutte opptørkingsfasen. Det har vore eit godt samarbeid med forsikringsselskapet Tryg i ettertid og skulen har fått dekkja alle kostnader i tilknytning til vasslekkasjen (med unnatak av kr 10.000 i eigendel). Store delar av gipsveggane i det nye tilbygget er skifta ut, delar av taket i SFO er skifta, golvbelegget i gang oppe er skifta ut og begge dusjane har fått nye veggplater, nytt tak og nytt golvbelegg.
Totalt har utbetring av vasslekkasjen kosta ca 293.000 kr.

Elles er vi framleis glad for det store foreldre-engasjementet som vi føler er rundt skulen, noko både skulelunsj, dugnader og innsats i styret og den daglege kontakten gjer uttrykk for. Foreldra er framleis ein av skulen sine viktigaste ressursar.

Ressursar

a) Økonomi/Rekneskap:

Rekneskapen for 2015, viser eit underskot på **-kr 211818,-**, - Styret/årsmøtet vil avgjerda om underskotet skal dekkast av avsette midlar eller takast inn på rekneskap 2016. Økonomiforskriftene tillet å avsetja opp til 10 % av statstilskotet til vidare driftstilskot. Inntil 15% av statstilskot kan avsetjast til investeringsfond. Ca 85 % av totalbudsjettet går til løn, av ei totalramme på 4.018.000. Ca 426.000 har gått til andre driftskostnader enn løn. Dei største utgiftspostane har vore:

- Straum (48000)
- Undervisningsmateriell (83000)
- Inventar/utstyr (18000)
- Ekskursjonar/reiseutgifter elevar (19000)
- Renovasjon, vassavg. M.m. (22000)
- Vedlikehald /rehabilitering (30000)
- Rekneskapshonorar (75000)
- Forsikring (33000)
- Maskinleige (14000)
- Revisjonskostnader (21000)
- Uteområde (329000)

Vurdering:

Tala viser at skulen har eit underskot på -211818,- kr, noko som er eit varsel om stram økonomi. Hovudgrunnen er synkende elevtal og dermed mindre inntekter gjennom statstilskot. Ei anna forklaring er og store utgifter i samband med tilrettelegging av betre uteareal. Totalt har skulen brukt nærare 400.000 kr på dette arbeidet, med fråtrekk av 100.000 som skulen har fått i tilskot. Likevel har skulen brukt ca 300.000,- kr av eigne midlar fordelt på 2 år (2014 og 2015)) Dei fleste av utgiftene er forutseielege, ut frå dei erfaringar vi har frå tidlegare år. Styret lyt ta stilling til korleis underskotet skal dekkast, og korleis vidare drift må tilpassast dei økonomiske rammene. Elles har dei største utgiftspostane vore stabile.

b) Timeressursar

Rammetimetalet for ordinær undervisning er skuleåret 15/16: 63 klokketimar/v. Innanfor dette rammetimetalet er skulen tildelt 17 t/v i spes. ped. tiltak. I tillegg er skulen tildelt 12,5 t/v assistenthjelp, også knytta opp til spes. ped. tiltak. Denne ressursen blir tildelt gjennom enkeltvedtak og refundert frå Fusa kommune.

Timeressursane er pressa p.g.a. lavt elevtal for å driva 3-delt skule, men klassar er slått saman i ein del timar for å få timeressursen til å strekka betre til.

Vurdering: Timeressursane er pressa no, men blir hjelpt av at klassane er små og kan slå saman i ein del fag/timar.

Elevar : Elevtalet skuleåret 15/16:

Elevane fordeler seg slik på trinna: 1.klasse 2 elevar

2.klasse 3 elevar

	3.klasse 4 elever
	4.klasse 5 elever
	5.klasse 0 elever
	6.klasse 5 elever
	<u>7.klasse 2 elever</u>
Totalt	<u>21 elever</u>

Vurdering:

Vi har framleis ein flott elevflokk!!

Dessverre er me no nede i ein bølgedal når det gjeld elevtalet. Elevtalet vil variera frå år til år med grunnlag i kor mange elever som går ut av skulen og kor mange som tek til. Det er viktig å arbeida for å auka elevtalet. For å få opp elevtalet må det tilflytting til eller søknad frå nabokrinsane. Det ser førebels ikkje ut for at uroen omkring skulestrukturen i Fusa fører til auka søknad til skulen vår. Tilgjengeleg tomtar og utleigeboligar er viktig for å skapa vekst i bygda. Bygdeutvalet på Vinnes håpar me kan gjera ein god jobb for bl.a. å leggja til rette for tilflytting.

c) Personalressurs:

Lærarstillingar skuleåret 15/16:

Tonje	100% stilling
Irene	100 % stilling
Kjersti	100 % stilling
Dagfinn	100 % stilling
Totalt	<u>400 % lærarstilling (inkl. rektorstilling)</u>

Hildur Lie er tilsatt som assistent i 11,09 % stilling.

Hildur er også tilsett i 39 % som reinhaldar + 2,6% stilling som lunsjansvarleg.

Ho har 31,33 % stilling i SFO.

Katrin Mueller er tilsett i ca 80% stilling som assistent, 51,33 % av stillinga er knytta til SFO. Både undervisningstimar og assistenttimar som er knytta til spesialundervisning vert refundert av Fusa kommune.

Vi har også vaktmeisterteneste etter behov. Jarle Vinnes har vore engasjert som vaktmeister frå august 2009.

Skulen har gjort avtale med Solberg Data v/Kjetil Solberg vedr IT-support .

Rektor har 47,5 % stilling til administrasjon og 52,5 % undervisning.

Vurdering:

Vi har eit stabilt og godt personale med høg kompetanse ,som gjer ein stor innsats for skulen. Læraren i klasserommet er den desidert viktigaste ressursen i skulen. Det viser all forskning. Derfor er det viktig å halda på gode lærarar og gjera grundig rekrutteringsarbeid ved nytilsetjingar.

Eit stabilt timetal gjer og tryggleik for personalstillingane på skulen på tross av nedgang i elevtal.

Både vaktmeistertenesta og datahjelp-ordninga fungerer fint når dei blir tilkalla for oppgåver.

d) Styret sitt arbeid

Styret har hatt 4 styremøter i 2015.

Styret har slik samansetjing :

Leiar : Berit Dalland
Nestleiar : Trond Opheim
Styremedlem : Hallvard Godøy
: Randi Helland
: Dag Vindenes

Vararepr. : Inger Elin Epland
: Erik Sørheim
: Borghild Johanna Vindenes

Andre som har møte-og forslagsrett, men ikkje stemmerett, er:

Lisbeth M. Abotnes :Repr. for FAU
Kjersti Hellebø Solheim :Repr. For dei tilsette
Mikal Leigland :Repr. for Fusa kommune
Hanna Karina Vinnes :Repr for elevrådet
Daniel Bergheim :Repr. For elevrådet
Dagfinn Solberg :Sekretær

Nokre aktuelle saker som styret har handsama:

-Årsmelding og rekneskap
-Budsjett
-Plan for uteområdet
-vasslekkasje våren 2015
-Prosess for tilsetjing av ny rektor
-Uttale til utdanningsdep. Vedr. «Forslag om endringar i privatskuleloven»
(Ny friskulelov)
-Ordensreglementet
-Godkjenning av nybygget etter miljøretta helsevern
-m.m.

Årsmeldinga vidare er knytt opp til årsplanane for skuleåret 14/15 og 15/16.

Vinnes Friskule har som visjon:

”Vi ynskjer at Vinnes Friskule skal vera ein grøn skule som gjer elevane eit trygt og og fagleg godt læringsmiljø, der elevane skal bli opplært til å ta vare på, og bli glad i naturen ,og medvetne på korleis vi kan forvalta jorda vår på ein berekraftig måte.”

Dette er ein visjon som skal vera førande på korleis vi arbeider på skulen .Konkrete eksempel på at vi arbeider mot denne visjonen er:

- Faste månadsturar for heile skulen
- Kildesorteringsordning
- Bossplukkingsaksjonar
- Felles prosjekt/tema knytta til natur
- REDD BARNA-skule
- Fruktdordning , gratis for alle elevane
- Skulelunsj med sunn mat 3 dg/veke
- Fast utedag for 1.-4.klasse annakvar veke
- Aktivitetsdagar
- Sal av eigenproduserte sommerblomster i drivhuset
- Deltek i ulike miljøprogram gjennom miljølære.no(«Vårsjekken»)
- Eigen fysikk/kjemidag
- Vinnes Friskule er fadderskule for Vinnesleiro naturreservat

1) Skulen og nærmiljøet

Mål: "Vinnese Friskule vil vera ein aktiv ressurs og kulturinstitusjon i bygda,og aktivt nytta den varierte naturen og menneska i nærmiljøet i undervisninga."

Dette er gjennomført i 2015:

-

-Vidareføring som fast ordning med skulelunsj 3 dagar/veke.Foreldra serverer varmlunsj ein gong/mnd på dugnad.Dessutan vert det baka rundstykke og liknande kvar veke . Skulelunsjen blir organisert som ståande buffet. Hildur har ein liten timeressurs som ansvarleg for innkjøp og tilrettelegging av skulelunsj.Me kjøper matvarer hjå Brødrene Dalland as i Strandvik.

-Oppfølging av prosjektet "Kulturlandskapet på Vinnesholmen" . Resultatet blir lagt ut på heimesida kvar haust og vår

-Vidareføring av fast utedag for 1.-4.klasse annakvar veke

- Gjennomført månadsturar: Skeisedag i Bergenshallen, skidag til Holdhus,fellesarrangement på Leiro saman med miljøvernadv hjå Fylkesmannen i Hord., Telttur til Vinnesholmen,Utedag på Vinnesholmen m/garnfiske,grillfest i den nye grillhytta på uteområdet, ope arr.,tur over Dallandstølane/Skåtavatnet,»grautdag» i skogen

- Leirskule for 7.klasse i Hålandsdalen

-4.-5.-6.klasse på fornminnarr. På Vinnesholmen , Bogøy,Strandvik, Eide i Hålandsdalen og Engevik gard som del av «Fusanisto»

-Leseprosjekt for barna i barnehagen

-Aktivitetsdag for Fusa,Strandvik og Vinnes skular : Arr. Fusa skule

- Luciaopptog v/barnehagen

- Elevbedrift, plantesalg/ ope arrangement

-Fellestema ; «Vinnese før og no» med eige teksthefte

- Foreldredugnader

-Elevane har opptredd med song på 17.mai

- Julegudsteneste i Strandvik kyrkje

- Ein del elevar opptredde med song på basar i Nesjaheimen i desember
- Konsertar ved Rikskonsertane
- Arbeidsveke for 1 ungdomsskuleelev
- 2 besøk av bokbåten «Epos»
- m.m.

2) **Fagleg arbeid**

Mål: "Vinnes friskule skal halda eit høgt fagleg nivå, der IT skal utviklast til eit godt og naturleg arbeidsreiskap i informasjon og undervisning"

Dette er gjennomført i 2015:

- Gjennomført 2 felles temaarbeid for heile skulen: «Egypt» og Vinnes før og no»
- Bruk av kartleggingsprøvar, gjennomføring av årsplan for prøvar og testar
- Leseprosjekt for alle, samarbeid med barnehagen
- Minimum 2 elevsamar/år
- Ymse fagkurs for dei tilsette. Ein lærar har fullført vidareutdanning i naturfag
- 2 fellesmøte med Vinnes barnehage
- Vidareføring av It's learning for 5.-7.klasse og 1.-4.klasse
- Tett oppfølging av heimesida. Heimesida framstår no i ny design
- Tilbod om leksehjelp til alle klassetrinn med lærarhjelp
- Gjennomført matematikkens dag
- Gjennomføring av Fysikk/kjemidag
- Symjeopplæring for 1.-4.klasse. 5 turar til Framo Aktiv
- Julemusical: «Ikkje mopp kameraten min»
- Juleverkstad
- Bruk av måloppnåing som drivkraft i undervisninga
- Avsett IKT-ressurs til Kjersti H. Solheim
- Bruk av IKT til tilpassa opplæring for einskildelevar
- Lærarane har jobba med «Lesing i alle fag» på eigne planleggingsdagar.
- Lærarane har og kursa kvarandre i «Ti kjenneteikn på god undervisning»

3) **Sosialt miljø**

Mål: "Vinnes Friskule skal vera ein trygg og inkluderande skule, med tydeleg rammer, der alle skal visa respekt og omsorg for kvarandre".

Dette er gjennomført i 2015:

- Vidareført arbeid med morgonsamlingar(kvar tysdag),fadderordning, gjennomgang av klassereglar,pararbeid,felles opplevingar og klare grenser
- Gjennomført brettspellekveld v/FAU
- Felles turar og aktivitetar(sjå andre punkt)
- Karneval
- Elevane har delteke i nasjonalt tiltak «Bli-me-dansen»
- Felles skulelunsj 3 dg/veke
- Felles skuleavslutning med foreldre og elevar på Vinnesholmen
- Gjennomført elevundersøking (7.kl) og foreldreundersøking
- Ansvarsoppgåver for alle elevane
- Vidareføring av Steg-for-Steg på alle klassetrinn

- Fellesaktivitetar med Vinnes barnehage: Leseaksjon, Luciafeiring, turar m.m.
- Gjennomført ferdig utearealet
- 4 konsertar i regi av rikskonsertane og "Den kulturelle skulesekken"
- 2 forfattarbesøk
- Fadderordning for 1.klasse
- Fast utdeling av "Ukas blomst" på morgonsamlingar
- Utbreidd bruk av aldersblanda grupper i ulike aktivitetar
- Når vi gjer noko ekstraordinært, er som regel heile skulen med!
- Fellesaktivitetar kvar måndag i storfriminuttet styrt av valde aktivitetssleiarar. - - -----
- «Belønningstur» i Osbadet for aktivitetssleiarane for flott innsats.

Dette er ikkje gjennomført i 2015:

Skulemiljøutvalet har ikkje hatt møte i 2015

4) **Samarbeid**

Mål: "Vinnes friskule skal ha eit ope og nært samarbeid med heimane"

Dette er gjennomført i 2015:

- 2 foreldremøte. Det eine var temamøte med temaet: «Psykisk helse» v/helsesyster Randi Haugse Rød»
- 2 foreldresamtalar
- FAU arrangerte brettspelkveld for alle elevane
- Årsmøte
- Foreldredugnader, spesielt i samband med uteområdet
- Foreldra stilte opp og hjelpte til i samband med vasslekkasje 1.mars
- 2 felles samarbeidsmøter med Vinnes barnehage
- Felles aktivitetsdag med Strandvik og Fusa skular . Denne gongen var Fusa skule arr.
- Samarbeid med foreldra omkring skulelunsjordninga
- Dei fleste skriv til heimane blir i hovudsak sendt på e-mail. Spesielt viktige skriv vert i tillegg sendt ut i brevform.

Elles er det positivt at det ofte er foreldre med på turar og aktivitetar som skulen arrangerer i løpet av året.

Dette er ikkje gjennomført i 2015:

- Det er ikkje kjøpt inn eigen mobiltelefon til skulen

5) **Det fysiske miljøet**

Mål:" Vinnes Friskule skal sikra at skulen har eit trygt , godt vedlikehalde og ryddig inne- og utemiljø.Elevane skal læra seg å ta vare på skulen og inventaret"

Dette er gjennomført i 2015:

- Etter vasslekkasjen 1.mars er det skifta nytt belegg i gang oppe, nye dører i tilbygget, delar av taket i SFO er skifta, dusjane i både gute-og jentegarderoben har fått nye veggplater, nytt golvbelegg og tak.
- På uteområdet er det sett opp ny grillhytte, pallekarmar til plantekassar, og laga til grøntområde m/leikeapparat.
- -Hovuddugnad i april m/ulikt vedlikehald
- Vidareføring av ansvarsoppgåvene for elevane
- Gjennomført synfaring av uteområdet i samarbeid med barnehagen
- Montert ny kontakt for keramikkomn i formingsrommet

Dette er ikkje gjennomført i 2015:

- Montert lydemping i gymsal

SFO

SFO har ope kvar dag etter skuletid til 1600 + kjøp av morgontilbod frå kl. 0730.

Kjernetida i SFO i skulen er etter skuletid til kl.1600. Dette skuleåret er det 12 elevar som nyttar tilbod i SFO.I SFO får elevane frileik,mat,formingsaktivitetar/organiserte aktivitetar og event.leksehjelp. Mat er inkludert i foreldrebetalinga.Hildur Lie er leiar i SFO.

SFO skal vera sjølffinansierende med inntekter frå foreldrebetalinga, og blir ført som eigen avdeling i skulen sin rekneskap.For 2015 fekk SFO eit underskot på -kr 22368,-. Dette underskotet må dekkast inn i 2016.

SFO skal driva i økonomisk ballanse mellom foreldrebetaling og lønsutgifter og drift.

03.03.16

Dagfinn Solberg

Dagleg leiar